

Meland Kommune
Planavdelinga,
PB 79,
5906 Frekhaug

Flatøy Bygdelag
c/o Birthe Ann Larsen
Hjelten 40
5918 Frekhaug

Flatøy 29.10.18

Merknader til reguleringsplan for kollektivknutepunkt og innfartsparkering på Flatøy

Grunna at nettsida til kommunen ikkje viste kva høyringsak vi skreiv uttale på, sender vi og innspelet vårt via e-post.

Når kollektivknutepunktet vert flytta frå dagens stad til ny stad slik det no er skissert i utkastet er vi oppteken av at dei mjuke trafikantane (både gåande og syklande), bilistane til husstandar og bilistane til industri og næring i området ikkje kjem i farlege situasjonar med kvarandre.

Vi ønskjer at alle dei mjuke trafikantane skal kunne kome seg til det nye kollektivknutepunktet utan å måtte krysse fylkesvegen. Dette fordi det er ei svært stor mengd kjørretøy som passerer gjeldande område, spesielt på morgon og ettermiddagstid når born og vaksne er på veg til/frå skule og arbeid. Dersom dei mjuke trafikantane kan nytte neverande fortau v/dagens busstopp og dei allereie eksisterande undergongane, med små justeringar av høgde i gang og sykkelterring, vil ein unngå å skape farlege situasjonar mellom mjuke og harde trafikantar. På denne måten vil ein sikre trygg ferdsel for mjuke trafikantar, både fastbuande og gjennomreisande, også ved eventuell framtidig trafikkauke i området jmf planar om bustadfortetting og snøggbåtterminal.

Med venleg helsing
Styret i Flatøy Bygdelag
c/o Birthe Ann Larsen